



Også folk frå våre kantar stortrivdes i Seljord. Her er Ivar Kåre Døssland saman med Uskedalen-paret Haldis og Sverre Myklebust. (Foto: Berit Harriet Døssland)

Danseglade uskedelinger var sterkt representert på Seljordfestivalen som var arrangert for åttande gongen denne helga, i sol og varme.

Dei fleste reiste heimatt med ei herleg kjensle sundag. Dei fleste som prøver festivallivet blir hekta. Dei reiser for å ha det gøy og dansa og ikkje for å klaga og dei treffer gamle og nye vener.

Dansekurs er også ein del av festivalen. Her lærer du swing, bugg og linedans.

Det var utruleg mange med frå våre trakter, frå Ænes og Åkra til Halsnøy.

20 orkester spelte frå tre scener – frå Ingemars og Ole Ivars til Smoki, Hep Stars og Dansefolket. Og alt gjekk føre seg i kontrollerte former og utan noko bråk.

Det gjekk også med mykje mat til dansefolket, som var 21 000 i talet (betalande). Eit tonn wienerpølser, eit halvt tonn karbonader og 20.000 liter øl vart konsumert. Overskotet vart halvannen million.

Allereie ved ankomst var det mange som bestilte plass for neste år.

Av Berit Harriet Døssland..



Olaug og Tore Hatteberg frå Rosendal og Rasmus og Inger Johanne Vågen frå Åkra (ho opprinneleg frå Uskedalen) hadde det storvegs på festivalen. Her er dei saman med Ivar Kåre Døssland. (Foto: Berit Harriet Døssland).